

Referat frå møte i Lykling sokneråd

Tysdag 27.02.2018 kl.18.00

Møtestad: Lykling kyrkje

Til stades: Roald Drønen, Torunn Tveita, Sissel S. Gåsland, Elisabeth Bjørnevik, Leif Steinar Sakseide, Margunn Ersland, Hildegunn Sortland Våge og Alfhild Hestenes

Sak 09-18: Godkjenning av referat og innkalling

- Godkjent med merknad. Elisabeth Bjørnevik var til stades på møtet 30.01. Namnet hennar var ikkje kome med i referatet.

Sak 10-18: Meldingar og skriv

- Ny sak 14-18: Tilsetjing av ny kontor i Bremnes og Lykling. Ymse vert då sak 15-18.
- Besøk frå Estland 2.-5. mars. Ønskje om deltaking ved gudsteneste i Moster kyrkje med påfølgjande middag. Sissel møter frå oss, i tillegg til Anne Grethe Espevik.
- Torunn har avtale med konfirmantforeldre om å hjelpa til på konfirmantfesten, - og avtale om suppa med «Opplev Bømlo».

Sak 11-18: Gjennomgang av årsmelding

- Godkjent med nokre rettingar. Torunn får trykt opp nokre retta eksemplar til årsmøtet søndag.

Sak 12-18: Gjennomgang av rekneskap

- Godkjent.
- Sette og opp nytt budsjett for 2018 etter gjennomgangen av rekneskapen for 2017.

Sak 13-18: Årsmøte søndag 04.mars.

- Tårnagenthelg med kyrkjekaffi.
Årsmøte etter kyrkjekaffien. Torunn har ansvaret og les årsmeldinga.
- Roald S. går gjennom rekneskapen sidan Sissel dreg til Moster.
- Roald D. har ansvar for statistikken og går gjennom denne.

Sak 14 -18: Tilsetjing av ny kantor i Bremnes og Lykling.

- Torunn Tveita er med i tilsetjingsnemnd, i tillegg til Roald S og Roald D.
- Viktig at me blir einige om nokre føringar nå før utlysing av stillinga.
- Soknerådet ynskjer:
 - at kantoren må vera meir synleg og aktiv i vår kyrkjelyd og.
 - at kantoren bør vera med oss på nokre av soknerådsmøta for å bli kjent med våre ynskje for arbeidet hans – og gi oss innspel i anna kyrkjemusikalsk arbeid
 - at kantoren nyttar blåsarar, gjerne ei blåsegruppe frå soknet, i nokre av gudstenestene
 - at kantoren og kan nytta andre musikarar av og til
 - å setja av ein årleg sum kantoren kan nytta til å betala dei litt som lever av musikken sin

Sak 15-18: Ymse

- På temakvelden 20.03. i Bremnes kyrkje med Jan Erik Larsen skal kollekten delast mellom Bremnes og Lykling når utgiftene er trekte frå.
- Ynskjeleg med ein kyrkjevert frå Bremnes og ein frå Lykling. Sissel stiller frå Lykling.
- Kollisjon mellom lysmesse 02.12.2018 og julebingo på Våge. Torunn tek kontakt med Linda Helvik og spør om dei kan byta dato. Alternativt å flytta litt på tidspunkta så det ikkje blir full kollisjon.
- Edel Sørvik er spurd om å brodera 2 hardangersaumdukar til småborda i koret i kyrkja. Om mogleg 90x90 cm. Margunn har kontakten med ho.
- Søknad om støtte til seminar for kyrkje og næringsliv 21.03.2018 med 1000 kroner. Soknerådet går inn for det.
- Gjennomgang av gudstenestelista for siste halvår 2018
- KN sin innsamlingsaksjon flytta til måndag 19.mars kl.17.00 – 19.00. Alfild har ansvar og lagar skriv til konfirmantane som er innsamlarar.

Neste møte tysdag 10.april kl.18.00

SAKSEID, 28.02. 2018

Margunn Ersland

- Sekretær -